



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
06.03.2018
Dykkar dato
12.02.2018

Vår referanse
2012/13156 421.4
Dykkar referanse

Vidar Mjøs

Radøy - gnr 27 bnr 12 - detaljreguleringsplan Kvalheim Øvre - ny vurdering

Me viser til brev av 12.02.2018 der det vert bedt om Fylkesmannen si vurdering av motsegn frå Statens vegvesen og kommunen si praktisering av motsegner opp mot føresegnehene i plan- og bygningslova (tbl) § 5-4.

I brevet vert det vidare vist til ulike spørsmål ved kommunen sitt vedtak i PLT-sak 015/11 og k-sak 014/2014. Det vert bedt om at Fylkesmannen rettleier kommunen med tanke på revurdering av vedtaket i k-sak 014/2014.

Etter plan- og bygningslova er det den enkelte kommune som er plan- og bygningsmyndigkeit og som tek stilling til om eit område skal regulerast og til kva formål. Det er klagerett berre på vedtekne planer, jf. pbl § 12-12 tredje ledd, og ikkje på dei avgjerder kommunen tar undervegs i prosessen.

Etter det me forstår gjeld vedtak i sak 014/2014 utlegging av eit reguleringsforslag til offentleg ettersyn, ei avgjerd som er underlagt kommunen sitt frie skjønn. Det er ikkje klagerett på eit slikt vedtak. Det har vidare gått nesten 4 år sidan kommunen trefte vedtaket. Desse omstenda gjer at Fylkesmannen ikkje finn det tenleg å gå nærmare inn på ei vurdering av om det er grunnlag for å gjera om vedtaket etter forvaltningslova § 35. Eventuell tolkingstvil knytt til vedtaket kan eventuelt takast opp med kommunen som planmyndighet.

Spørsmål knytt til motsegner frå Statens vegvesen kan rettast til Statens vegvesen som rette vedkomande.

Med helsing

Anne Kjersti Sande seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger
Statens Vegvesen, Region Vest Postboks 43 6861 LEIKANGER